

Saksprotokoll i fylkestinget - 02.- 03.10. 2018

Fylkesordføreren svare slik:

«Fylkesutvalet handsama kommunedelplan for E39 Ådland – Svegatjørn i møte 23. februar 2017, jf. sak PS 28/2017. Vidare vart det ei tilleggshøyring for to nye alternativ til brukryssing over Bjørnafjorden, handsama av fylkesutvalet 31. mai 2018.

Etter det vi får opplyst av Statens Vegvesen, er dei kostnadsreduserande tiltaka i første rekkje knytt til arbeid med å optimalisere bruløysingane. Dette gjeld særleg bru over Bjørnafjorden, men delvis også for bru over Langenuen. Det vert arbeidd vidare med å avklare bruløysing, og det er varsla at Statens vegvesen vil ta stilling til bruløysing fram mot sommaren 2019. Flytting av ilandføring av bru frå Kobbavågen til Gullholmen på Ossida har også bidrege til å redusere kostnadene.

Kommunedelplanen blir laga som ein statleg plan. Det inneberer at det er staten ved Kommunal- og moderniseringsdepartementet som har ansvar for å gjere vedtak av planen. Dette er enno ikkje gjort, men det er venta at vedtaket vert gjort - som representanten Oen nemner - i løpet av oktober 2018. Det er difor for tidleg å seie i kva grad planen vil ta opp i seg fylkestinget sine krav. Eg finn det ikkje rett å spekulere på kva vedtak og grunngjevingar departementet vil ha ved avgjerd i saka. Difor finn eg det vanskeleg å kommentere dei utfordringane og moglege kostnadsdrivande elementa som representanten Oen nemner i sitt spørsmål.

Når det gjeld bompengar for Hordfast, viser eg til ei eiga sak om førespurnad om aksjekjøp i Hordfast AS, som er oppe som sak i dette tingsetet.

Det er inga ankemoglegheit eller motsegnrett mot statlege planvedtak. Om vedteken plan kjem til å stride sterkt imot regionale interesser, er det sjølvstøtt mogleg å ta dette opp med politisk nivå i departementet.

Det er oppretta ei referansegruppe for prosjektet der fylkesordførar deltek. Det vil vere naturleg å forsøke å finne fram til omforeinte løysingar her og gjennom eventuelle andre arenaer. Eg viser her igjen til sak om førespurnad om aksjekjøp i Hordfast AS der vi m.a. skal drøfte korleis vi skal organisere påverknadsarbeidet for store samferdselsprosjekt.

Etter at kommunedelplanen er vedteken, vert det formell oppstart av arbeidet med reguleringsplan for prosjektet. Fylkeskommunen vil følgje med på dette arbeidet. Det vil vere naturleg at det vert gitt ei orientering frå Statens Vegvesen til fylkespolitiske organ etter at planprosessen har kome noko lenger.»